



Arkivnr: 2015/5638-42

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		17.01.2018
Fylkesutvalet		01.02.2018

## Endra grenser for vegdriftskontraktane i Sunnhordland

### Samandrag

Fylkestinget vedtok i desember 2016 Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029. Eit av føremåla med denne strategien er å sikre god økonomi- og kontraktstyring der mellom anna følgjande punkt er tatt med:

- Ha eit oversiktleg kontraktsregime med ein tydeleg eigar.
- Etablere god samordning internt for dei ulike driftskontraktane.

Som det kjem fram av saka driftast Sveio kommune og delar av Etne og Odda kommunar av Statens vegvesen i Rogaland.

Fylkesrådmannen tilrår at kontraktane i Hordaland skal følgje fylkesgrensa mot Rogaland i dei nye kontraktane. Dette betyr vidare at Vestlandet fylke etter samanslåing vil få ansvar for drifta av all fylkesveg i Hordaland etter 2020. Årsaka til at fylkesrådmannen tilrår dette er med utgangspunkt i vedteken strategi for drift og vedlikehald og økonomiske forhold.

**Økonomi:** Fylkesrådmannen meiner at ein, med dei justeringane av grensene som er foreslått i saka, kan få ei meir effektiv drift sett frå Hordaland fylkeskommune sin ståstad.

**Klima:** Ingen konsekvens

**Folkehelse:** Ingen konsekvens

**Regional planstrategi:** Vedteken strategi for drift og vedlikehald, som det er vist til ovanfor, byggjer på RTP som igjen er forankra i Regional planstrategi.

## Forslag til innstilling

1. Vegdriftskontraktane i Hordaland skal følgje fylkesgrensa mot Rogaland i dei nye kontraktane som vert lyst ut.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 20.12.2017


### Bakgrunn

Fylkestinget vedtok i desember 2016 Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029. Eit av føremåla med denne strategien er å sikre god økonomi- og kontraktstyring i vegdrifta der mellom anna følgjande punkt er tatt med:

- Ha eit oversiktleg kontraktsregime med ein tydeleg eigar.
- Etablere god samordning internt for dei ulike driftskontraktane.

Som det kjem fram av figur 1 og tabell 1 nedanfor driftast Sveio kommune og delar av Etne og Odda kommunar av Statens vegvesen i Rogaland. DK 1106 Haugesund driftar Sveio, og DK 1105 Indre Ryfylke driftar delar av Etne kommune. DK 1106 skal lysast ut på nytt i 2018, medan DK 1105 skal lysast ut på nytt i 2020. I dag er det om lag 93 km fylkesveg i Hordaland som driftast av driftskontrakt for Haugesund, samt 7 km gang- og sykkelveg. I DK 1105 er det om lag 72 km fylkesveg i Hordaland som driftast av denne kontrakten.

Figur 1: Geografisk avgrensning av vegdriftskontraktane i Hordaland



Tabell 1. Vegdriftkontraktar i Hordaland

Område	Entreprenør	Kontraksperiode	Kontraktsum i mill.2016-kr *)	Kostnad pr meter/år 2016-kr		Km veglengder	
				Inkl.mva	Totalt	Fv Hordaland	GS-fv Hordaland
Haugesund*)	Mesta Drift AS	09.13-08.18	219,8	83	662	92,6	6,3
Indre Ryfylke *)	NCC Roads AS	09.15-08.20	251,8	83,9	750	71,9	0
ASOLA	Mesta Drift AS	09.12-08.17	150,5	72,8	517	300	47
Stor-Bergen	Stor-Bergen Vegdrift ANS	09.15-08.20	542,3	171,9	789	557	63
Nordhordland *)	Presis vegdrift AS	09.13-08.18	269,5	80,6	836	477	18
Stord	NCC Roads AS	09.13-08.19	190,5	60,5	656	549	46
Voss	Presis vegdrift AS	09.14-08.19	274,4	94,8	724	505	16
Hardanger	Mesta Drift AS	09.16-08.21	229,4	92,4	621	359	14

\*) Kontraktsummen i Haugesund, Indre Ryfylke og Nordhordland omfatter også vegnettet i nabofylket.

Tabellen over viser mellom anna storleiken på kontraktane og kva entreprenørar som er ansvarlig for drifta i dei einstilte kontraktområda.

#### Definisjonar og avgrensingar

Drift er tiltak som frå dag til dag gjer at vegane kan dekkja sin funksjon. Med drift av vegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er nødvendige for at vegnettet og vegutstyret skal fungere som planlagt. Dette er aktivitetar som brøyting, strøing med salt og sand, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareale, trafikkstyring, trafikantinformasjon osv. Driftstiltaka skal sikre dagleg trygg og god framkomst. Mange av tiltaka vert gjort med relativ korte mellomrom, som til dømes brøyting, strøing med salt eller sand om vinteren, reinhald av vegbane, etc. Andre driftsoppgåver har lågare frekvens, som til dømes oppretting av skilt, drift av grøntareale og vegskråningar, drift av lysanlegg for gater og vegar, samt opprydding etter ras og flaum.

### Organisering

Frå 1. januar 2003, vart produksjonsverksemda i Statens vegvesen skilt ut og konkurranseutsett. I dag organiserast vegdrifta i geografisk avgrensa kontraktområde, og tillegg særskilte fagområde som til dømes elektro og dekkelegging, i Hordaland. I dag er det åtte driftskontraktar og fem fagkontraktar på fylkesvegnettet i Hordaland. Kontraktane er organisert slik at både riks- og fylkesvegane inngår i same kontrakt. I figur 1 over er dei geografiske områda for vegkontraktane illustrert:

Vegdriftskontraktane er komplekse og omfattande, og set store krav til bransjen både i tilbudsprosessen og undervegs i driftsfasen. Kvaliteten og nivåa på drifta skal følgje krava i «*Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksveger,*»

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen har hatt ein dialog med vegavdeling Hordaland i Statens vegvesen i forhold til organisering, kostnadsnivå og geografisk ansvarsområde for kvar enkelt kontrakt for å få ei mest mogleg effektiv drift sett frå Hordaland fylkeskommune sin ståstad.

Fylkesrådmannen meiner at kostnadsnivået knytt til dei driftskontraktane Statens vegvesen i Rogaland driftar er høgt. Dette gjeld, som det kjem fram av tabell og figurar ovanfor, DK 1106 Haugesund som inkluderer Sveio, og DK 1105 Indre Ryfylke som driftar delar av Etne og Odda kommune. Fylkesrådmannen tilrår derfor at kontraktgrensene justerast i samband med ny utlysning, slik at dei geografiske områda det her er vist til i Sveio, Etne og Odda inngår i kontraktar som vert drifta frå Hordaland.

Det er naturleg at områda i Hordaland som i dag driftast av DK 1106 Haugesund vert lagt til DK 1207 Stord i komande utlysning. Likeeins at dei områda i Hordaland som driftast av DK 1105 Indre Ryfylke vert lagt til DK 1204 Hardanger i komande utlysning.

Fylkesrådmannen tilrår med dette at vegdriftskontraktane i Hordaland skal følgje fylkesgrensa mot Rogaland i dei nye kontraktane. Dette betyr vidare at Vestlandet fylke etter samanslåing vil få ansvar for drifta av all fylkesveg i Hordaland etter 2020. Årsaka til at fylkesrådmannen tilrår dette er med utgangspunkt i vedteken strategi for drift og vedlikehald og økonomiske forhold. Ei slik omlegging får verknad for dei to kontraktane i Rogaland som i dag driftar områdar Hordaland. Ei utfordring kan vere at storleiken på desse kontraktane vert redusert, men fylkesrådmannen føreset då at kontraktgrenser og mogleg samanslåing av kontraktar kan vurderast også i Rogaland.

Eit moment som er trekt fram har vore viktigheita av å halde lik standard langs dei viktigaste fylkesvegane mellom Hordaland og Rogaland. Her føreset fylkesrådmannen at det løysast slik det er gjort ved andre fylkesgrenser.